

Kulturprisen i Fusa

Vedtekter:

1. Mål

Kulturprisen skal stimulera kulturlivet i kommunen og gje honnør for spesiell innsats på kulturområdet.

2. Prisen

Prisen skal vera eit kunstverk med plakett.

3. Mottakarar

Kulturprisen kan delast ut til ein person, organisasjon eller ei gruppe personar. Som hovedregel skal det delast ut *ein* pris.

4. Regularitet

Prisen vert delt ut annakvart år.

5. Utlysing og framlegg til kandidatar

Prisen skal lysast ut i lokalpressa og på heimesida til Fusa kommune. Alle kan koma med forslag innan fristen 1. oktober det året prisen skal delast ut. Desse skal vera grunnjevne og formulerast skriftleg. Kulturprisnemnda kan koma med forslag til kandidatar.

6. Vedtak

Det politiske utvalet med ansvar for kulturområdet gjer endeleg vedtak. Den administrative og politiske handsaminga av pristildelinga skal vera unnateke offentleg innsyn.

7. Kulturprisnemnd

Det politiske utvalet set kvar valperiode ned ei kulturprisnemnd på tre personar som kjem med innstilling til utvalet. Kulturprisnemnda kjem også med forslag til pris, tid og stad for utdeling.

8. Utdeling av prisen

Prisen bør delast ut av ordføraren.

Vedtektene vart godkjend av Fusa kommunestyre 27. mai 2009 – K-sak 0018/09